Områda for fritidsbustader kjem ikkje i konflikt med landbruksinteresser, jmf. kjerneområderegistreringa

Landskapsbilete

Utfordringar:

Utbygging kan påverke nærmiljø og/eller få konsekvensar for landskapsbilete i eit større område

Eksisterande kunnskap:

Stadanalyse – Ulvik sentrum 2012, Rettleiar for lokal byggeskikk (2006)

Behov for utgreiing:

Det må gjerast vurderingar av verknad for landskapsbilete i større og mindre områder i alle plan- og utbyggingssakar.

5. Omtale av utfordringar og moglegheiter i dei nye områda.

Bustadområde – Hjelmavoll (B1):



Området er om lag 25 daa., ligg tett opp til eksisterande busetnad i byggefeltet Øvre Skeie i nordaust. Dette feltet vart etablert på 70- og 80-talet, og det nye feltet vert ein naturleg utviding av dette. I sørvest grensar feltet mot eksisterande busetnad i Sandhaugområdet, og utbygging og infrastruktur kan og knytast til dette området.


Nedre del av området har bratte parti, og desse er viktig å sikre med tanke på uønskte hendingar som ras, overvatn, ulykker og liknande.

Eventuelle bustader er tenkt lokalisert i øvre del, med fortsatt grøntareal/slåttemark nedre del.

Området ligg strategisk til med tanke på infrastruktur som veg, vatn, avløp og straumforsyning. Med eit flatt, sjønært område i nedre del kan ein i planlegginga vurdere alternative oppvarmingsmoglegheiter av bustadfeltet.

Konklusjon

Øvre Skeie/Hjelmavoll er eit område som ligg tett opp til sentrum, skule og andre servicefunksjoner, og reknast som eit godt egna område for ny bustadbygging.



Fritidsbustader – Ulsbergmyre (F1)



Området ligg i gjeldande plan som LNF-område, og består i hovudsak av buskas og myrområde. Planområdet er omkransa av Espelandselva og fylkesveg 572.

Drevtjønn skisenter ligg på andre sida av fylkesvegen, og vegen til Solsæ ligg aust for planområdet. I vest ligg innfallsporten til skisenteret samt ein del hytter av eldre årgang. Hovuddelen av desse hyttene ligg i tilknytning til Stokkavatnet, men enkelte ligg tett opp til skianlegget.

Når det gjeld sikkerhet og sårbarhet er det elva og fjellsida i nordvest som utgjør eit faremoment, men drenering og overvatn vil og vere eit fokus, då delar av området er myrområde. Detaljplanlegginga må samstundes ha stort fokus på elveløpet og den risiko det representerer. Grunneigar har eit ønskje om og leggje til rette for hyttebygging på dei områda som ligg litt høgare enn myrområda då ein på den måten sikrar seg mot elva, samstundes som ein slipp å drenere meir myr enn nødvendig.

Området er i dag ikkje nytta til nemneverdig aktivitet, då aktiviteten i området stort sett er knytt til områda rundt skianlegget og langs vegen til Solsæ.

Det må opparbeidast infrastruktur som t.d. tilkomstvegar og V/A-løysingar i området, men med fylkesveg, skianlegg og andre hytter i nærområdet kan dette gjerast forholdsvis greitt.

Konklusjon

Området er godt egna til hyttebygging med kort avstand til fylkesveg, skianlegg og eksisterande infrastruktur. Ein får med dette konsentrert hyttebygginga i området, samstundes som nærområdet inviterer til friluftsliv året rundt.

Fritidsbustader – Håheimsvika (F2)



Området ligg i gjeldande arealplan som LNF-område, men grensar mot eit regulert hyttefelt i aust. Planområdet er tenkt som ein utviding av eksisterande hyttefelt, og detaljreguleringa må omfatte også dette området. utvidinga

Planområdet er lokalisert på vestsida av vegen ned mot sjøen, med fine moglegheiter for friluftsliv langs fjorden og i naturområda i vestover mot Åsen. Ved fjorden har ein eit gammalt naustmiljø frå tida då dette området var eit knutepunkt for handel og ferdsel langs fjordane.

Det er skrånande terreng i området, men faren for ras/skred er rekna som liten. Metta jordsmonn og ekstremvær utgjør likevel ein fare for utgliding i terrenget med påfølgande skadar på infrastruktur og bygningar. God drenering og handsaming av overflatevatn må ha høgt fokus i detaljplanlegginga.

Då området vert ein utviding av eksisterande hyttefelt, vert infrastruktur som vegar og V/A-løysingar knytt saman med eksisterande. Ein vil på den måten redusere utbyggingskostnader og inngrep i form av nye vegar, murar og liknande.

Konklusjon

Det nye arealet ligg som nemnt i tilknytning til eit eksisterande hyttefelt, og ein utviding av feltet vil leggja til rette for ein planstyrt hyttebygging i området. Med fjorden på nedsida og fine natur- og turområder er dette området godt egna for fritidsbustader.

Fritidsbustader – Kvammen (F3)



Området ligg i gjeldande arealplan som LNF-område, og består av ein eldre husmannsplass som ikkje har vore drevet i moderne tid

Plassen er lokalisert på oppsida av vegen mot Djønno/Tjøflot, ca. 1,5 km vest for Hardangerbrua, og er tenkt utvikla til eit tun med fritidsbustader, med kort veg til sjøkanten og flotte natur- og turområder.

Området ligg på ein liten flate over vegen omkransa av typisk fjordterreng med bratte lier med stadvis rasfarlege parti. Dette området ligg i faresone for ras, men naturlege formasjoner gjør nokon område mindre rasfarlege enn andre. Ein detaljert skredvurdering og plan for handsaming av overvatn må leggest til grunn for detaljplanlegginga i området.

Området er i dag overgrodd, men ein kan framleis sjå spor etter dyrka mark og tufter. Grunneigar har eit ønske om å nytte dei gamle tuftene så langt som mogleg.

Eit lite tun med fritidsbustader i dette området er i utgangspunktet berre ein ny bruk av eit lite avgrensa område, og med riktig planløyising kan dette området igjen bli eit område for aktivitet.

Tilfredstillande tilkomstveg og parkeringsareal må ha fokus i detaljplanlegginga då området ligg tett opp til fylkesvegen. Fylkesvegen kan på den andre sida nyttast til annan infrastruktur.

Konklusjon

Kvammen er eit lite avgrensa område som det ikkje har vore busetnad på lange tider, og ein ny bruk av området til fritidsføremål vil gi området ny aktivitet.

Spreidd fritid – Sjøhagen (SF 1)



Området ligg i gjeldande arealplan som LNF-område, og består i hovudsak av tett krattskog i skrånande terreng. Området er om lag 9 daa., med grense mot landbruksareal i øvre del, og fv. 300 til Osa i nedre del.

Heilt sørvest i området ligg eit gammalt bygg tett inn til vegen, og det vert naturleg at det er i dette området ein etablerer tilkomst til området. Her har det gått ein gamal landbruksveg opp i terrenget, og denne kan sikkert nyttast som utgangspunkt for ny tilkomstveg. Sanering av det gamle bygget er ein føresetnad for ein tilfredstillande tilkomst.

Området har skrånande terreng, med brattare parti aust i planområdet. Dette krev ein omfattande kartlegging av ras- og skredfare og handsaming av overvatn.

Området ligg mot søraust, på oppsida av vegen for det etablerte hytteområdet i Øydvinstod, og litt øst for Håheimsvika, og vil såleis bli ein utviding av fritidsaktiviteten i området.

Konklusjon

Etablering av infrastruktur og skredvurdering vert dei største utfordringane i dette området, men med gode løysingar kan dette bli eit egna område for utbygging. Kort avstand til veg og Ulvik sentrum vil gjere hyttefeltet lett tilgjengeleg frå veg.

Spreidd fritid – Kikjen (SF 7)

Området ligg i gjeldande plan som LNF-område og består i hovudsak av skog, slåttemark og ein gamal frukthage.

Området ligg på nedre Ljono, rett ovanfor fylkesvegen.

Området er stadvis bratt, noko som må takast omsyn til i detaljplanlegginga. Ekstreme nedbørmengder kan utgjere ein fare ved utbygging, og handsaming av overvatn må ha stort fokus i ein eventuell utbygging.


Grunneigar vil prøve å setja opp 1-2 «tretopphytter», dvs. små hytter som er løfta opp frå bakken, og fundamentert i trea som allereie er i planområdet. Denne måten å bygge hytter på er ny i Ulvik, og kan vera eit spanande supplement til den tradisjonelle måten å bygge på.

Vegen gjennom området er einaste form for infrastruktur planområdet, og ein skånsam framføring av ytterlegare infrastruktur vil ha stort fokus i detaljplanlegginga.

Konklusjon:

Området er godt egna for eit avgrensa tal fritidsbustader/hytter, og ein legg opp til at det i denne omgang vert sett eit tak på 2 einingar.

Spreidd bustad – Folkvang, Osa (SB1/LNF-B)



Området ligg i gjeldande arealplan som LNF-område og består i hovudsak av eldre dyrka mark som no er gjengrodd av buskas.

Området ligg på oppsida av vegen gjennom Osa, og vert ein form for utviding av allereie eksisterande byggeområde på andre sida av vegen. Området er avgrensa av vegar, bortsett frå i nord, der det grensa mot jordbruksareal. Det er naturleg å la ein del av vegetasjonen stå som ein buffer mellom dette jordbruksarealet og eventuelle nye bustader langs vegen.

Området ligg midt på flaten mellom dalføra i Osa, og er av dei områda som er minst utsett for eventuelle hendingar knytt til ras eller skred.

Forslaget om ein liten rekkje med bustader langs vegen vil krevje avgrensa arealressursar, då det er snakk om nokre få hus. Med tilkomst frå fylkesvegen vil minimalt med areal gå med til veganlegg til bustader.

Området ligg strategisk til for tilknytning til eksisterande infrastruktur. Ein får samstundes høve til ein heilskapleg VA-løysing for heile området, då det har vore ulike løysingar til dei eksisterande bustadene i området.

Konklusjon

Området ligg strategisk til for nye bustader i Osa, og kan med riktig planlegging gi ny aktivitet i dei sentrale områda av Osa.

Industri/Næring – Utviding av industriareal det gamle massetaket i Osa (II)



Området er delvis regulet til industri i gjeldande arealplan, og det er ved denne revisjonen ønske om ein utviding av området mot nord. Området består i hovudsak av det gamle sandtaket i Osa, med eit belte av vegetasjon i vest. I nord og aust skal det framleis vere LNF-føremål.

Utvidinga vil leggja til rette for etablering av garasje, lager og verkstadslokale for lokale entreprenørar. Ein vil på den måten få ein sikker lagring og oppbevaring av maskinar og utstyr, samstundes som ein slipp og ha dei ståande parkert i naturområda når dei ikkje er i bruk.

Området er flatt, men den bratte fjellsida i aust krev ein detaljert skredvurdering, samstundes som ein må ha gode planar for avløpsordningar. Det er viktig å sikre mot utslipp og forureining til grunnen.

Det er lagt opp til å nytte vegen i nord som tilkomstveg, men ytterlegare infrastruktur må førast fram til området.

Statkraft har inne søknad om konsesjon for utnytting av fallet i elva Austdøla, og vil i den samanheng ha trong for eit deponiområde for steinmassar frå utbygginga. Statkraft har i sin søknad lagt til grunn at eit eventuelt deponi skal lokaliserast i dette området.

Konklusjon

Med riktige løysingar for handsaming av avløps- og overvatn er området godt egna for utviding av området til eit lite industriområde.

Industri/Næring – Bruravik fergekai (I2)



Området ligg i gjeldande arealplan som «viktige ledd av kommunikasjonssystem» som følgje av bruken som fergekai fram til opninga av brusambandet.

Området er avgrensa av vegsystem og sjø, og omfattar berre biloppstillingsplassen, kaiane og inn- og utkjøringsvegane.

Grunna fare for steinsprang er fjellskråningane i nord utstyrt med sikringsnett for å sikre vegen og områda på nedsida. Avhengig av aktivitet, må skredvurdering vere eit fokus i detaljplanlegginga.

Avviklinga av fergesambandet Bruravik-Brimnes frigjer ein del område og infrastruktur som Ulvik herad har ønskje om og nytta best mogleg for ettertida. Med tilgang til sjøtransport og strategisk plassert for tilkomst frå veg, er området attraktivt for ein rekkje verksemdar.

Med etablert infrastruktur er området klart for vidareutvikling til nye verksemdar. Lokalisert ved sjøkanten har ein moglegheit for alternativ oppvarming, men samstundes eit ansvar for å sikre gode avløpsløysingar og handsaming av overvatn som ikkje representerer fare for forureining til sjø.

Konklusjon

Området er godt egna og krev lite tilrettelegging for ny buk som industri/næringsområde, litt avhengig av kva for verksemd/-er som etablerer seg i området. Med god avstand til bustadområder og anna verksemd slipp ein konflikttar etablering av industriområde ofte medfører.

Parkeringsareal ved Ulsberg – (P1)



Området ligg i gjeldande arealplan som LNF-område, og består i hovudsak av eit myrområde.

Området ligg på austsida av vegen rett etter ein har komme over brua på vegen frå Fv572 til Solsæ, og dermed ved inngangsporten til store turområder både sommar og vinter. Vest for området ligg Drevtjønn skisenter som er eit mykje brukt anlegg i vinterhalvåret, og som også vert nytta som turområde utanfor skisesongen.

Myrområdet er omgitt av småkupert terreng som ikkje representerer nok fare med tanke på ras og skred, men ein må ha stort fokus på drenering og overvatn i detaljplanlegginga.

Området er føreslått som parkeringsareal grunna store trafikale utfordringar som følgje av parkering langs fylkesvegen i vintersesongen, og spesielt i helger og ferier. Med populære utfartsområder i alle retningar vert det til tider kaotiske tilstander grunna parkering i og ved vegbanen. Grunneigar på naboeigedommen i vest har ønske om å leggja til rette for fritidsbustader (Ulsbergmyre), og vil i den samanheng opparbeide parkeringsplass i «lomma» på sørsida av fylkesvegen. Dette området vart tilrettelagt med ny fylling av vegvesenet i samband med utbetringa av vegen i 2008-2009, og vil saman med eit parkeringsareal ved inngangen til Solsævegen gjera området vesentleg tryggare for alle på utfartsdagar.

Konklusjon

Området ligg strategisk til for etablering av parkeringsplass for turgåarar som vil nytte området året rundt.

5. Planomtale

I planomtalen vil ein ta føre seg dei ulike arealkategoriene og gi ein kort skildring av vurderingar, endringar og intensjonar bak forslaga.

5.1 Bygg og anlegg

Ulvik herad har i dag stor mangel på ledige tomter samstundes som etterspurnaden er aukande. Med ønskje om tilflytting til heradet, er tilgangen til byggeklare tomter ein vesentleg føresetnad for å lykkes i dette arbeidet.

Bustad

Heradet har *eitt* regulert bustadfelt på Hjelmevoll der det var moglegheit for utbygging av 9 tomter, men høge utbyggingskostnader gjorde at dette vart utsett til 2013. Dette feltet legg til rette for småhus/rekkjehus i nedre del, med opp til fem einebustadtomter fordelt på to ulike område i øvre del. To av tomtene er utbygd.

Tilrettelegginga av desse tomtene vil berre hjelpe på etterspurnaden ein kort stund, og det er viktig for heradet å få satt av nye områder med varierende tomteland for framtidig utbygging.

Det er i arbeidet føreslått eitt nytt område for framtidig bustadbygging. Samstundes så er det lagt opp til spreidd bustadbygging i to områder. Områda for bustadbygging er; Øvre Skeie/Hjelmavoll. Området har dette namnet grunna lokalisering, og det kan vere aktuelt og gje det eit anna namn som eventuelt nytt byggjefelt.

Det nye byggjefeltet som vert lagt ut til bustadområde ligg tett opp eksisterande infrastruktur som veg vatn og energiforsyning. Det har og moglegheit for alternativ oppvarming, som t.d. sjøvarme og grunnvarme.

Ein utbygging av areala i dette område har stort potensiale både med omsyn til tomtevariasjon og fri- og fellesareal. Heradet vil få moglegheit til å utvikle eit attraktivt bustadområde tett opp mot sentrumsområda og etablerte bustadområde.

Fritidsbustader

Ulvik herad har som mål at det skal vera mogleg for dei som ønskjer det å skaffa seg fritidsbustad i heradet. Variasjon i tilbodet er viktig då ønskje om lokalitet er like forskjellig som folka som vil bygge.

Det vart nylig vedtatt reguleringsplan for fritidsbustader på Viknes, og med utviding av hyttefeltet i Håheimsvika og moglegheita for spreidd hyttebygging i Sjøhagen, er der store moglegheiter for dei som vil bygge sentralt og nær fjorden. Feltet på Kvammen vert eit mindre område litt utfor allfarveg, men med flott turterreng og fjordutsikt.

Ulsbergmyre vil utløyse tomter for dei som vil ha fritidsbustad tett opp til etablerte friluftsområder. Med Drevtjønn skisenter og områda rundt Solsæ og Stokkavatnet vil dette vere flotte områder for ein stor gruppe menneske. Etablering av fritidsbustader i dette området bygger opp om Ulvik herad sitt ønskje om å ha ein planmessig utbygging av desse områda, og ikkje på nokon måte komme i konflikt med områda tett opp til skisenteret.

Utvidinga av hyttefeltet i Håheimsvika vert ein utviding av eksisterande hyttefelt, og vil ikkje føre til vesentleg ending av arealbruken. I dette området vil det bli moglegheit for fritidsbustader for dei som vil byggje meir sentralt og tett opp mot fylkesveg og Osafjorden.

Hardangerbrua medfører ny aktivitet i områda rundt brufesta. Kvammen er eit lite område litt vest for brua som egner seg godt for nokre få fritidsbustader i eit lite tun.

Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift. (LNF-R – B)

Underformål:

- a) areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag,
- b) areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygg mv., jf. § 11-11 nr. 2.

Spreidd bustadbygging

Heradet har eit ønskje om å leggja til rette for spreidd bustadbygging rundt i bygda, og spesielt i grendene. Gjeldande reguleringsplanar opnar for dette i områder som Hallanger og Osa, og det er eit ønskje om å leggja ut nye områder for spreidd bustadbygging i Osa og i Audnalandshagen/Sponheimshagen.

I Osa har heradet ønskje om å leggja til rette for nokre bustader langs vegen rett over brua. I dette området ligg det bustader på andre sida av vegen, og ein liten rekkje med bustader på begge sider vil gi eit lite bustadområde som kan minne om eit tun.

Dette er eit lite område med moglegheit for eit par-tre tomter, og vurderinga er at dette kan gjerast som reguleringsendring utan krav til utarbeiding av ny reguleringsplan.

Området er i dag overgrodd men ligg nedanfor eit fulldyrka område, og delar av vegetasjonen bør bli ståande for å få eit vegetasjonsbelte mellom busetnad og dyrka mark.

Området i Audnalandshagen/Sponheimshagen er eit stort område i landlege omgjevnader der grunneigar har eit ønskje om å leggja til rette for spreidd bustadbygging og for fritidsbustader. Dette vil opne for tomter for dei som vil ha litt areal rundt eigedomane, men ein bør i den vidare planlegginga leggja opp til og skilja fritid- og fast busetnad.

Som følge av at ein her er langt frå etablert infrastruktur, vil etablering av gode VA-løysingar og kraftforsyning ha stort fokus i den vidare planlegginga, og det er ein føresetnad at det vert gjennomført på best mogleg måte med tanke på naturinngrep og visuelt inntrykk.

Spreidd fritidsbusetnad

Det er opna for etablering av spreidd fritidsbusetnad i Sjøhagen, som er eit område langs vegen til Osa.

Sjohagen er eit mindre område som ligg på oppsida av veggen til Osa, rett over Øydvinstod. Med eit allereie etablert hytte/friluftsområde på nedsida av veggen kan dette bli ein utviding av fritidsbruken av området samstundes som ein planlegg i etablert område

Topografien vil avgrense ein eventuell utbygging, men det vil bli ein moglegheit til å byggja seg ein hytte oppe i lia for dei som ønskjer seg ein fritidsbustad med god utsikt til Osafjorden.

Det vert og opna for etablering av 1-2 fritidsbustader/hytter på nedre Ljono – Krikjen, der grunneigar har eit ønske om å setja opp eit par «trottopphytter». Denne byggemåten er uprøvd i Ulvik, og kan være ein spanande måte å bu på for enkelte.

Industriområde

Etablering av plasskrevjande industri har ikkje vore tema i Ulvik på mange år, og det vert ikkje lagt ut nye store områder for etablering av ny industriverksemd. Heradet vil likevel utvide industriarealet i det gamle sandtaket i Osa og setja av den gamle fergekaien i Bruravik som framtidig industriområde. På den måten legg ein til rette for eksisterande lokal verksemd i Osa, og framtidig verksemd i områder der aktiviteten ligg meir skjerma for busetnad og anna aktivitet. Heradet er i dialog med Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune om overtaking av kaiområda og etterbruken er dermed ikkje klar.

Smedvika har industriareal som vert tilbakeført til grunneigar frå vegvesenet etter ferdigstillinga av Hardangerbrua og områda rundt. Den vidare etterbruken av desse områda er ikkje klar.

Når det gjeld mindre næringsaktivitet er det framleis område sentralt i Ulvik som er regulert for slik verksemd. I desse områda er det delvis ledige areal og moglegheit for meir effektiv bruk av areala.

Parkeringsareal.

Det har vore eit ønskje frå fleire om å leggja til rette for betre parkeringsforhold kring Drevtjønn- Ulsberg-Solsæ, då det vinterstid er stor utfart til området. Det er tidvis stor aktivitet på begge sider av veggen, og med bilar parkert i og ved vegbanen opplever ein ofte trafikkfarlege situasjonar.

Heradet har eit ønskje om at områda rundt Drevtjønn og inngangsporten til friluftsområda rundt Solsæ skal utviklast til beste for fastbuande og tilreisande, og at det å ferdast i området kan skje på ein trygg og sikker måte. Ved å få bilane trygt ut frå vegbana og inn i ordna forhold med omsyn til parkering vil ein oppnå ein sikker trafikkavvikling i området.

Då dette er eit myrområde må ein ha stort fokus på dreneringa av området.

Andre føremål som vert vidareført frå førre plan

Sentrumsføremål:

Området for sentrumsføremål vert vidareført med gjeldande reguleringsplanar. I desse planane er det utstrakt bruk av kombinerte føremål som gjer det vanskeleg å vise andre hovudføremål utan å bli for detaljerte. Kommuneplanen og arealdelen er meint vera eit overordna styringsverktøy for vidare detaljplanlegging. I sentrumsområda finn ein forretningar, hotell, bustader, grøntområde, tenesteyting og tilhøyrande infrastruktur. Vidare planlegging i desse områda må ta omsyn til utfordringar som universell utforming, parkering, friområde og sjøområda.

Asplan Viak utarbeida i 2012 ein stadanalyse av Ulvik sentrum på oppdrag frå Ulvik herad. Denne analysen tar føre seg ulike forslag til løysingar på ulike utfordringar. Hovudtrekket i analysen er at sentrumsområda har stort potensiale for større eller mindre utbetringar, men at det i tilfelle må gjerast som del av ein større plan.

Stadanalysen ligg som vedlegg til kommuneplanen.

Fritids- og turistformål:

Er en vidareføring av gjeldande kommuneplan og reguleringsplanar.

Råstoffutvinning/masseuttak:

Er en vidareføring av gjeldande kommuneplan og reguleringsplanar. Området som i førre plan vart sett av til framtidig masseuttak vest for Stokkavatnet mot Hedleberget er tatt ut i ny plan.

Næringsverksemd:

Det ligg føre gjeldande reguleringsplanar med areal for næringsverksemd både på Brakanes og Vest for Tyssø. Her er det ledig areal og areal som kan nyttast betre eller byggast om.

Idrettsanlegg:

Er en vidareføring av gjeldande kommuneplan.

Andre typar bygg og anlegg

Er en vidareføring av gjeldande kommuneplan.

5.2 Samferdsleanlegg og infrastruktur

Dette føremålet visar i hovudsak eksisterande veglinjer.

Hardangerbrua med tilhøyrande veganlegg, og tunnelen gjennom Torgilsberget er vist i kartet som kvite felt. Kaianlegget i Bruravik vert tatt ut av føremålet.

5.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

Heradet har lagt inn omsynsoner langs alle vassdrag for på den måten sikra desse mot uønskt aktivitet tett opp mot vannstrengen. Sona er på 30 og 50 meter avhengig av kotehøgder.

Ulvikpollen og dei indre områda av Ulvikafjorden er regulerte sjøområder, og desse reguleringsplanane vert vidareført. Det er sett krav til byggjegranser mot sjø i reguleringsplanane.

Ulvik herad har utarbeidd strandsonekart for heile fjordlandskapet med forslag til byggje grenser mot sjø. I sentrale og regulerte områder er byggjegransen sett til 0, medan den i kulturlandskapsområder er sett godt over 100 meter.

Det er utarbeidd eige temakart for byggjegransar mot sjø.

5.4 Omsynssoner.

Store områder av det sentrale Ulvik ligg i topografi som kjem inn i NVE sine aktsemdskart eller NGI sine farekart for steinsprang, jordskred og andre typar skred/ras. Sjølv om det kan vera forskjellar i detaljgrad mellom dei to databasane, vil ein setja krav til skredvurdering i samband med regulering eller utbygging av areal som ligg i omsynssonene.

I kjerneområda for landbruk er det lagt opp til at kjerneverksemda skal vera relatert til tradisjonelt landbruk. I dei tilfella det vert ny bruk av areal eller ny verksemd på garden skal omsynet til landskap og landbruk ha høgste prioritet.

Alle kjende kulturminner som har ein form for fredingsstatus er lagt inn i temakart med ein forbodsgrense på 5 meter frå kulturminnets ytterpunkt. Alle tiltak som kjem innanfor ein radius på 100 meter skal leggjast fram for fylkeskommune/fylkeskonservator.